

Halland 06.12.17

Til Radøy kommune

Gjeld vassleidning til Halland , Sevdal og deler av Marås.

På midten av 1970- talet blei det lagt ned vassleidning frå den kommunale leidningen på Li , over vatnet og opp til Halland. Dette vart gjort som eit dugnadsprosjekt. Eg meiner det var 6 husstandar som var med på dette og som då knytte seg til kommunalt vatn. Etter kvart er talet tilknytte kome opp i 18 ( Litt usikker på talet.)

Dette var sikkert ein av dei første dugnadsprosjekta når det gjalt å knyta seg til det kommunale vassverket. Ved seinare dugnadsprosjekt meiner eg at kommunen har overteke leidningen når prosjektet har vore ferdigstilt.

Oddvar Halland tok kontakt med teknisk kontor og fekk eit kart der leidningen er innteikna. Her er mykje feil. Dette bør rettast opp. Oddvar var med på prosjektet, så han kan vera med å retta opp traseen i kartet. Det er også eit par stoppekranar som burde vore merka av.

Litt usikker på eigarforholdet her. Dersom leidningen er i privat eige, ynskjer me at Radøy kommune overtek leidningen.

På vegne av abonentane på stikkleidningen, bed eg om at kommunen stadfestar eigarforholdet, eller overtek eigarforholdet dersom leidningen framleis er privat.

Ligg og ved eit kart som viser traseen til Lauåsen. (Marås)

Dersom noko er uklart, kan de ta kontakt med underteikna eller Oddvar Halland.

Jan Tore Hvidsten  
Solendvegen 53  
5936 Manger  
99237769

*Jan Tore Hvidsten*  
Jan Tore Hvidsten